



Samnanger barneskule

Nesjavegen 17

5650 Tysse

Referat frå foreldremøte, onsdag 3.juni

Samnanger 15.juni 2022

Me held til på ein relativ ny skule, siste bygg var ferdig 2013. Det er om lag 220 elevar og om 36 tilsette neste skuleår. Til hausten byrjar det 37 fyrsteklassingar på Samnanger barneskule.

Det blir to kontaktlærarar, støttelærar og fagarbeidrarar på trinnet. Kontaktlærar er Renate Trengereid og Mia Omerkadic. I tillegg skal lærar Julie Vevle Langeland og vera på trinnet og lærar Gro Amundsen nokre timar. Fagarbeidrarar er blant anna Debrom Teklom og Kjersti N Skjoldal. Det blir fleire, men det er ikkje klart pr i dag. Dei skal vera på trinnet til ulike tider.

Skuledagen: Skulen byrjar kvar dag klokka 08:45 og sluttar 14:00, utanom onsdag som er kortare og sluttar kl 12:30. Alle klasserom har digitale tavler og elevane får tilgang til eigen croombok (som ligg på skulen).

Skuleskyss: Elevar i 1.klasse har rett på skuleskyss når dei har skuleveg lengre enn 2 km. Adressa til elevane er lagt inn og Skyss og fylket avgjer om elevar oppfyller kravet til å få skyss. Spørsmål kring skyss og skuleveg kan ein rette til konsulent Anne Lise Mastervik på skulen.

Visma min skole er vår digitale kommunikasjonsplattform til dykk foreldre/føresette

Heimesida vår:

<https://www.minskole.no/Samnanger>

Temaet skulestart:



Me vaksne som er rundt borna skal tryggje borna. Me skal gjera borna robuste til å klare overgangar som ein skulestart er. Heimane bør snakke mykje om det å byrja på skulen. Det finst mange ulike bøker på biblioteket som kan hjelpe her. Elles er det viktig å trena på eta sjølv, kle på seg sjølv, vera litt åleine og halde orden på tinga sine.

Postadresse:
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse
Nesjavegen 17
5650 Tysse

Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:
barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger



Samnanger kommune

Når borna skal byrja på skulen, møter dei ein ny kultur og andre rutinar. Dette er nytt og kan vera utfordrande for nokre. Me på skulen vil gjera vårt beste for at ditt barn får ein god skulestart. Dette gjer me gjennom eit godt heim/skulesamarbeid.

Lesing og førebuing til lesing er viktig. Å vera nyfiken på nye ord og kva dei ulike orda tyder er nødvendig. Bruk sommaren til å undre seg og til å stille mange spørsmål. Bruk språket aktivt og det er flott om de les saman med barnet. Det er eit godt grunnlag for leseopplæringa vidare. Me delte ut eit hefte frå Pedlex forlag som heiter GOD START. Her finne ein tips og idear for å gjera borna skuleklare.

Me held læringstrykket oppe gjennom fagfornyinga. Me vil prioritera aktive elevar, undring, felles opplevingar og djupnelærung.

Skulen har det siste året jobba fram nokre kjerneverdiar som skal prega vårt arbeid og vår retning på skulen. Det er: Me-skule, leksemedviten skule, samarbeid, inkludering og livsmeistring (sjå heimsida vår)

Elles ynskje me fokusera på godt skolemiljø for elevane og dei tilsette – trivsel for alle gjennom felles opplevingar og trykk på læring og god kommunikasjon.

Foreldrekontakte vart desse:

Caroline Allaskog

Vara: Katrine Ingvartsen

Sunniva Olsnes

Malin Reistad

Vara: Renate Aksnes

Annika Langeland

vara: Anette Haugsbø

Skulestart til hausten: Måndag 15.august klokka 08:45.

SFO leiar er Henny Storlid Nordvik, tlf 99 12 72 27. Ta kontakt om det er noko de lurar på.

Me ynskje alle ein god sommar og velkommen til skulen til hausten.

Refr. Eli Kristin Berge

Rektor Samnanger Barneskule

Mobil 90740850

Epost eli.kristin.berge@samnanger.kommune.no



Postadresser:

Tyssevegen 217
5650 Tysse

Besøksadresse

Nesjavegen 17
5650 Tysse

Skule: 56589980
SFO: 488 99 549

E-post:

barneskulen@samnanger.kommune.no
Heimes.: www.minskole.no/samnanger